

Vedtekter for *Foreininga Vågen bedehus*

§1 Grunnlag

Foreininga Vågen bedehus legg Bibelen som Guds Ord og *den evangeliske lutherske vedkjenninga*¹ til grunn for verksemda si.

§2 Føremål

Foreininga Vågen bedehus har til føremål å samle menneske om Bibelen til forkynning, opplæring, vekking, oppbygging, indre- og ytremisjon og anna verksemd for å gjere Kristus kjent. Foreininga skal arbeide for å bygge gode åndelege og inkluderande fellesskap. Foreininga Vågen bedehus ønskjer å eige og drive bedehus i bygda.

§3 Om *Foreininga Vågen bedehus*

1. *Foreininga Vågen bedehus*, organisasjonsnr. 887 291 632, eig Vågen bedehus som er oppført på tomt med Gnr. 294/Bnr. 9. Foreininga er ansvarleg for drift, vedlikehald og verksemd i dette huset.
2. *Foreininga Vågen bedehus* ønskjer å samarbeide med dei lutherske organisasjonane som støyr foreininga sitt grunnlag og føremål og ønskjer å nytte huset.
3. *Foreininga Vågen bedehus* er ei sjølveigande og ikkje-kommersiell foreining med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.
4. *Foreininga Vågen bedehus* består av medlemmar som melder seg inn. Vilkår for å bli medlem:
 - At ein er einig i foreininga sitt grunnlag og føremål i §§ 1-2.
 - At ein har fylt 15 år.
 - At ein betaler fastsett årskontingent.
5. *Foreininga Vågen bedehus* er oppretta for å drive bedehus for innbyggjarane i Ølensvåg (postadresse 5582). Også personar med anna adresse er velkomne som medlemmar.

¹ Den apostoliske trusvedkjenninga, Den nikenske trusvedkjenninga, De athanasianske trusvedkjenninga, Den augsburgske vedkjenninga og Luthers vesle katekisme.

Styret kan i særlege høve avslå eller oppheve medlemskap.

§4 Årsmøtet

6. Årsmøtet er **Foreininga Vågen bedehus** sitt øvste mynde og vert halde kvart år innan utgangen av februar.

Røysterett i årsmøtet har alle som har vore medlemmar dei 3 siste månadane før årsmøtet.

7. Årsmøtet handsamar:

- Årsmelding.
- Revidert rekneskap.
- Budsjett.
- Endring av vedtektene.
- Fastsetjing av årskontingent for medlemmar.
- Reglement for bruk og utleige av bedehuset.
- Utleigesatsar etter framlegg frå styret.
- Andre saker som vert fremja av styret eller av medlemmar.

8. Årsmøtet skal gje medlemmane høve til open samtale om arbeidet.

9. Årsmøtet vel:

- **Styremedlemmar og varamedlemmar til styret.** Kandidatar må vere vedkjennande kristne, vere medlemmar av foreininga og ha fylt 18 år når dei vert valde.
- **Valnemnd.** Det vert valt 3 personar for eitt år om gongen. Kandidatar må vere vedkjennande kristne, vere medlemmar av foreininga og ha fylt 18 år når dei vert valde. Valnemnda skal kome med framlegg til kandidatar til styret og til varamedlemmar. Det bør vere fleire kandidatar i framlegga enn det talet personar som skal veljast.
- **Revisor.** Dersom det ikkje er bestemt anna ordning for revisjon, skal det veljast to personar som saman skal revidere rekneskapen og legge fram ei vurdering av denne for årsmøtet. Dei som vert valde, må vere over 18 år.

10. Årsmøtet gjer sine vedtak med vanleg fleirtal. Endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal.

11. Berre styret og medlemmar av foreininga kan fremje saker til årsmøtet. Saker til ordinært årsmøte må vere komne til styret innan 31.12.

12. Tidspunkt for årsmøtet og sakliste må gjerast kjent for medlemmane seinast 14 dagar før årsmøtet.

13. Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når minst 2/3 av styret eller 1/3 av medlemmane ber om det. Her gjeld same frist for kunngjering som i §4, pkt. 7 ovanfor.

Styret kan i særlege høve avvike frå denne fristen.

§5 Styret

1. **Foreininga Vågen bedehus** vert leia av eit styre som er øvste mynde mellom årsmøta.
2. Styret består av fem medlemmar som vert valde for to år av gangen, slik at det kvart år vekselvis går to eller tre medlemmar ut av styret. Desse kan veljast att, men ingen kan sitje i styret samanhengande lengre enn 6 år.

Styret har to varamedlemmar som vert valde for eitt år. Første varamedlem møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmane er til stades.

Ved røystelikheit i ei sak har leiaren dobbelrøyst.

Styret vel seg imellom leiar, nestleiar, sekretær og ev. kasserar. Kasserar kan veljast utanom styret.

§6 Styret sine oppgåver

1. Styret skal i samråd med brukarane sjå til at forkynning og all verksemd i bedehuset er i pakt med foreininga sitt grunnlag og føremål, jfr. §§1 og 2.
2. Styret skal:
 - Ha ansvar for å oppretthalde ei kontinuerleg verksemd i bedehuset.
 - Legge fram forslag for årsmøtet til kandidatar til valnemnd.
 - Setje i verk og føre kontroll med årsmøtet sine vedtak.
 - Forvalte og føre kontroll med **Foreininga Vågen bedehus** sin økonomi og legge fram budsjett. Saker som gjeld kjøp, sal og pantsetjing av eigedom, opptak av lån og større økonomiske saker må ha grunnlag i vedtak frå årsmøtet.
 - Syte for at huset tilfredsstillar offentlege lover og forskrifter for den verksemda bedehuset driv.
 - Syte for godt reinhald og at huset vert halde i god stand.
 - Syte for forsikring av hus og innbu.
3. Styret bind foreininga rettsleg.
4. Styret kallar inn til årsmøte og førebur alle saker som skal handsamast.

§7 Utleige

1. Vågen bedehus skal gje rom for regelmessig verksemd som dei lutherske organisasjonane driv. Styret kan gi rom for andre evangeliske møte og fellesmøte når dette er i samsvar med bedehuset sitt føremål, jf. §2.
2. Vågen bedehus kan også nyttast til private eller offentlege tilskipingar og føremål innan samfunns-, kultur- og næringsliv så sant det ikkje kjem i konflikt med huset sitt særpreg som bedehus.
3. Utleige etter pkt. 2 må som hovudregel ikkje vere til hinder for hovudverksemda. Bruk eller oppbevaring av rusmiddel er forbode på bedehuset sin eigedom.

§8 Oppløysing, samanslutning og oppdeling av foreininga

1. Skulle **Foreininga Vågen bedehus** bli lagt ned eller oppløyst, skal lokalforeiningane til dei kristne organisasjonane som har nytta bedehuset regelmessig dei siste 5 åra, ta over foreininga sitt ansvar. Organisasjonar som har hatt minst 5 offentlege møte eller arrangement årleg for barn, unge eller vaksne dei siste 5 åra, vert rekna som å ha nytta huset regelmessig.

Har ein organisasjon ikkje lokalforeining, vert ansvaret overført til regionnivå i organisasjonen.

2. Dersom **Foreininga Vågen bedehus** opphøyrer, skal foreininga sine verdiar delast likt mellom dei organisasjonane som er nemnde i §8, pkt. 1.
3. Samanslutning (fusjon) eller deling (fisjon) er ikkje å rekne som oppløysing. Vedtak om samanslutning/deling og nødvendige vedtektsendringar i samband med dette, skal fattast i samsvar med reglane om vedtektsendringar (jfr. §9). Styret skal i samband med dette legge fram ein plan for samanslutninga/delinga som årsmøtet kan røyste over. Ved samanslutning eller deling må det innhentast samtykke frå **Foreininga Vågen bedehus** sine kreditorar.

§9 Endring av vedtektene

Årsmøtet for **Foreininga Vågen bedehus** kan gjere endringar i §§ 3 t.o.m. 8 i desse vedtektene med 2/3 fleirtal (jf. §4, pkt. 5). Kravet om 2/3 fleirtal i §9 for å endre vedtektene kan ikkje endrast.

§§1 og 2 kan berre endrast dersom eit samrøystes styre går inn for endringa og minst 2/3 av medlemmane med røysterett i årsmøtet deltar i avstemminga og at endringa får tilslutnad frå alle som stemmer.

Vedtektene vart samrøystes vedtatt på bedehuset sitt årsmøte 18.01.2015.

oo00oo